

751/1938.

Oslo, 10. oktober 1938.

206 V

0028

Til Kyrkje- og Undervisningsdepartementet.

I brev 13. juli i år um løyving til arkivverket for budgettterminen 1938-1939 hev det kongelege departement bede um ei utsegn frå riksarkivaren um eit slikt utval - til å granska spørsmålet um vraking av arkivsaker - som Universitets- og fagskulekomiteen tek til ords for i budgett-innst. S. nr. 22-1938 i samband med spørsmålet um ny bygning for Riksarkivet. Komiteen skriv:

"Komiteen har under sakens behandling kommet på den tanke at der muligens nu arkiveres saker, som kanskje ikke er av den interesse og verdi at de nødvendigvis må bevares. Komiteen vil derfor henstille til departementet å overveie om ikke et sakkyndig utvalg sammen med riksarkivaren kan undersøke dette spørsmål og fremkomme med uttalelse herom."

Eit nokolunde tilsvarende spørsmål vart lagt fram for riksarkivaren i brev frå Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 13. juli 1927, den gongen òg i samband med spørsmålet um ny bygning for Riksarkivet. Departementet ynskte "å få undersøkt om der i de nuværende lokale og centrale arkiver kunde foretas en nøyaktigere utsortering og kassasjon av saker som uten å skade nogen berettiget interesse måtte kunne fjernes", og bad um "riksarkivarens uttalelse herom og forslag til arbeidets utførelse uten utgift for det offentlige".

Riksarkivaren (Koren) svara med ei lang utgreiding, dagsett 8. oktober 1928. Eg kann her i stor mun nøgja meg med å visa til det som fyremannen min skreiv for 10 år sidan. Ei avskrift av

utgreidindi hans fylgjer vedlagd i noko avstytt form.

Universitets- og fagskulekomiteen synest ha tenkt seg at det ikkje berre i sentraladministrasjonen og ved dei lokale embetskontori, men òg i Riksarkivet og statsarkivi kann finnast arkivsaker som ikkje fortener å verta gøynde. Til dette er å segja:

I Riksarkivet finst det, når ein ser burt frå nokre saker som er utskilde til kassasjon i underavdeling i Observatoriegt. 6, ikkje noko som eg torer gjera framlegg um å kassera. Det aller meste arkivtilfanget i Riksarkivet er eldre saker og skriv seg vanleg frå arkiv som alt i fyrevegen hev vorte sterkt redusera med kassasjonar og onnor sydeleggjing.

Derimot er det ikkje utenkjøleg at sumt arkivtilfang i statsarkivi kann kasserast, serleg millom dei sakene som arkivi hev teke i mot i dei siste 10-15 åri. Spørsmålet vert no granska i samband med ei påtenkt innsending av arkivsaker til Statsarkivet i Oslo frå embete under Justisdepartementet i Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold og Telemark fylke. Men ein lyt rekna med at det i beste fall berre kann verta tale um å vraka nokre få prosent av det nyaste arkivtilfanget, og det segjer seg sjølv at ei slik vraking av arkivsaker i dei lokale embetsarkivi ikkje kann gjera noko frå eller til når det gjeld byggjeplanane for Riksarkivet.

Vraking av arkivsaker i arkivi i sentraladministrasjonen vil heller ikkje kunna gjera det forsvarleg å setja ut desse byggjeplanane. Ikring 1925 vart det rekna ut at det ved dei ymse kontori i sentraladministrasjonen fanst til saman/19000 hylrometer arkivsaker som fyrr eller seinare laut verta yverførde til Riksarkivet. Dette talet kom fram når saker som tenestemenn i dei einskilde kontori meinte at det kunde verta tale um å kassera, var dregne frå.

Den noverande riksarkivbygningen hev, som det ofte hev vore upplyst, magasinpllass til ikring 6000 hyllemeter arkivsaker.

Riksarkivar Koren meinte at det var naudsynleg å få departementsarkivi inn i ein ny arkivbygning fyrr ein kunde tenkja på systematiske kassasjonar. I den nye bygningen vilde ein "ha rum og plass til å gjennomgå arkivsakene, foreta undersøkelser og deretter la kassasjoner foregå i den utstrekning man finner det forsvarlig".

Eg er samd med fyremannen min i at det vilde vera lettast å arbeida med kassasjonsspursmålet i ein ny riksarkivbygning. På hi sida trur eg at det òg måtte kunna lata seg gjera å fyrebu og setja i verk kassasjon av arkivsaker i sentraladministrasjonen samstundes med at ein fyreburi dei store arkivavleveringar som i alle høve lyt koma når den nye riksarkivbygningen vert ferdig. Fyresetnaden for dette er likevel at det vert ein annan og betre skipnad med arkivi i sentraladministrasjonen enn den vanskipnaden som for det meste råder no.

Tanken um eit utval eller ei nemnd til å greida ut kassasjonsspursmålet hev eg sjølv halde fram i eit ordsakifte um "organisationen av statens arkivväsen och utmönstring (utgallring) ur arkiven av obehövliga handlingar" på eit møte i Det Nordiske Administrative Forbund i Stockholm 31. august 1935. I innlegget mitt (prenta i Nordisk Administrativt Tidsskrift 1935, s. 434-439) gjorde eg m. a. stutt greide for den konklusjonen riksarkivar Koren kom til i 1928, og heldt dinest fram:

"Eg trur at tidi snart bør vera komi til å taka denne saki upp på nytt. Men det er uråd for arkivfolk heilt på eigi hand å arbeida ut ålmenne og samstundes forsvarlege reglar um kassasjonar i arkiv som ligg spreidde rundt ikring ved dei offentlege kontori. Kassajonsreglane lyt, som fleire fyre meg hev halde fram, verta fastsette i samråd med representantar for dei ymse greinene av administrasjonen. Me treng med andre ord ei nemnd til å arbeida

med saki. Denne nemndi bør likevel ikkje berre få til fyreloge å redusera den papirmengdi som alt hev hopa seg opp ved dei offentlege kontori. Minst likso viktig er det å tenkja på framtid. Og då melder det seg fleire oppgåvor som det vil høva for den same nemndi å taka seg av.

Noko av det som ei slik nemnd bør arbeida for, er å få innført kontortekniske reformer som tek sikte på mindre papirbruk både i departementi og ved andre offentlege kontor. I dette arbeidet vil nemndi ha ei framifrå hjelp i dei tilrådingane som er komne frå Statens forenklings- og sparekomite frå 1923 og Spare- og forenklingskommisjonen frå 1932.

Til dei kontortekniske reformene høyrer òg at det vert gjeve reglar um korleis ein etter kvart - under den daglege kontorverksamdi - skal kunna skilja ut i serlege rekkror saker som det ikkje er turvande å gøyma på lenger enn ei viss tid, og som seinare utan vidare kann verta kassera.

Men desse fyresegnene vil hanga i lufti um det ikkje samstundes vert gjeve meir ålmenne fyresegner um den måten kontorarkivi bør verta ordna på. Det skulde difor høva at nemndi òg kom med framlegg til skipnad og tilsyn med arkivi ved dei offentlege kontori i det heile. Fyrst når ein sovoren skipnad er gjennomførd, kann det segjast at me hev fenge ein verkeleg heilsleg arkivorganisasjon."

Når Universitets- og fagskulekomiteen no hev teke initiativet til å få nedsett ei slik nemnd, kann eg berre råda til at det vert gjort. I samsvar med dei synsmåtane eg heldt fram i 1935, tenkjer eg meg at nemndi bør få mandat til

1) å arbeida ut plan for ein betre skipnad med arkivi i sentraladministrasjonen og ved statskontori i det heile,

2) å arbeida ut plan for kassasjon av eldre arkivsaker, og

3) å arbeida ut plan for slike reformer i arbeidsskipnaden ved statskontori at det kann verta mogeleg å skilja ut arkivsaker som seinare skal kasserast, etter kvart som arkivi veks fram.

Medlemstalet i nemndi kann det høva å setja til 5: 2 representantar for sentraladministrasjonen, 2 for det lokale embetsverket og 1 for arkivverket. Nemndi bør ha lønt sekretær.

Til & vera med i nemndi frå arkivverket er riksarkivaren
villjug.

A. St.